

Kampvert

For å bidra til eit godt og trygt kamparrangement, skal det vere minst ein kampvert til stades. Kampvert skal ha på seg gul kampvertvest. Kampverten har rolla som vertskap og skal følgje opp Fair play. Kampverten må setje seg inn Fair play verdiane og korleis Fair Play skal følgjast opp i praksis. Fair play er omtalt i [Klubbhåndboka](#).

Før kampen:

- Ynskje begge lag, dommar(ar) og tilskodarar velkomen, vise veg til garderobe og oppfordre til positivitet under kampen
- Sjå til at tilskodarar er plassert på motsett side av laga og står utanfor sidelinja
- Kjenne til kvar hjartestartar er og ha telefon for å ringe 113. (Hjartestartar heng i ballrommet i barneskulen, og materialforvaltar har ansvar for ettersyn og service av denne)
- Delta på Fair play-møtet saman med dommar(ar) og trenarar

Under kampen:

- Følgje opp Fair play i løpet av kampen
- Oppfordre til gode og positive tilrop fra tilskodarar, og ta kontakt hvis det går over streken
- Dele ut foreldrevettreglar der det trengs påminning
- Vere tilgjengeleg under kampen og prate med dommaren i pausen, tilby kaffi/saft.
- Dele ut kampfrukt til spelarar
- Tilby kaffi/saft til støtteapparat på begge lag

Etter kampen

- Minne trenarar og dommarar på å organisere Fair play helsing
- Takke begge lag og dommar(ar) for kampen
- Ta initiativ til rydding rundt bana, tribune og kioskareal etter kampslutt. Sjekk at garderobane er rydda.
- Melde frå til Fair play-kontakt dersom det oppstod uønska hendingar før, under eller etter kampen